



Opne hender – serieskildring

Som kristne er du og eg djupast sett ikkje eigarar, men forvaltarar. Som menneske kan vi ikkje kunsten å leve, kun å ta imot liv. Og med livet som er gjeve oss, er vi Guds disponentar over ei mengd andre gode gåver frå han: tid, talent, relasjonar, materielle ressursar – og pengar. Den kristne haldninga til alt dette er: alt er gjeve meg, det er velsigningar frå Herren, Ja, Gud vil at vi skal ha det godt, men han velsignar oss også for at vi skal dele vidare. Vi er fri til å bruke alt – ikkje berre for mitt eige beste, men for å velsigne andre. Det betyr at alle ting vi disponerer i livet, også pengane, er ein integrert del av våre disippelliv.

Som nordmenn er vi vande med å ha det godt og ha mykje. Men sjølv i vårt overflodssamfunn er det få ting vi knyt så mange forventningar og forhåpningar til, og har så mykje uro rundt - som pengar. Sjølv om vi veit noko om nauda som finst i verda, tenkjer dei fleste av oss likevel: «Det hadde vore fint med litt til, eigentleg».

Ikkje utan grunn er forholdet til pengar og materiell velstand eit stort emne i Bibelen. Jesus snakkar utrolig mykje om temaet. For han veit at med pengar og det pengar representerer for oss, ligg det sterke og potensielt kontrollerande krefter som vil legge beslag på liva våre om vi let dei herje fritt. Kvifor er det slik? Vel: i vår konsumkultur er det ikkje heilt uvanleg å knytte identitet og kjensle av eigenverdi til både lønnsnivå og kjøpekraft. For rikdom opnar dører, ikkje sant?

- Pengar gjev oss tryggleik, vi kan sikre oss, kjøpe ein heim, mat og byggje ein base for livet.
- Pengar gjev fridom: Vi kan kjøpe oss ting, opplevingar og reiser – slikt som gjev glede, sjølvrealisering og livsutfalding.
- Pengar gjev handlingsrom: du har valfridom, kan vere spontan med gutturen til Østerrike eller jenteturen til Spania, for ikkje snakke om alle interessene som kan dyrkast og kostar.
- Pengar gjev makt: for rikdom gjev fort tyngde til meiningar og kan skaffe deg innflytelse om du bruker dei riktig.

Så korleis kan vi leve godt i trua på Jesus innan dette området i ei tid og i eit samfunn som bind opp så mykje konsum og fokus rundt halde eigen livsstilen oppe? Kva haldningar til ressursane vi disponerer skal prege oss som lev i ein velstand dei fleste i denne verda berre kan drøyme om? Skal vi halde hardt på det vi eig og har, sikre oss sjølv - eller kan det vi eige og har få ei anna rolle i liva våre?

Det er her Jesus kallar oss til å leve med opne hender. Jesus minner oss på at det er betre å gje enn å få – betre å dele enn å gje seg hen til egosentrisk konsum. Eit liv i etterfølging av Jesus handlar om å forstå at det er i Gud, i Jesus Kristus eg har min eigentlege rikdom og min verdi. Det forandrar det å gje frå å vere offer og sur plikt til å bli takksemnd og gjevarglede. Det forandrar måten eg ser på tinga mine. Alt anna i livet, blir nemlig verktøy og instrument i det gode si teneste, slik at materiell rikdom aldri vert eit mål i seg sjølv, men berre eit middel. Til å tene Gud og gjere godt mot medmenneske. Då er vi fri til å leve slik Jesus levde – med opne hender.

Difor er dei opne hendene symbolet for denne serien. Vi tviheld ikkje på det vi eig og har – men brukar det vi eig og har i takknemlig respons til Jesus som har gjeve oss så mykje, og til å løfte andre opp.

25. aug. Opne hender - til teneste eller forteneste?

Tekst: 1. Tim 6,6-10 & 17-19

Paulus minner Timoteus om korleis han skal rettleie dei i menigheten som meiner at fordi dei er rike, så har dei Guds velsigning og fått fatt på det verkelege livet. Tåpeleg, men ikkje heilt uvanleg. Mor rikdom er på ingen måte ein indikator på kor mykje du er verdsatt av Gud. Materiell rikdom blir fort heller erstatninga, surrogatet for det verkelege livet. Vi blir jo født utan ressursar, og ingen kan ta med seg noko på reisa vidare. Når vår verkelege rikdom ligg i kven vi er og kva vi har fått i trua på Jesus, frir det alle midlar vi måtte ha til å bli noko vi raust, takksam og livgjevande kan dele, ikkje noko vi tviheld på som om det stod om nettopp sjølve livet. Pengar i seg sjølv er ikkje farleg, kjærleiken til pengar er farleg. Vi er kalla til å elske Gud, ikkje pengar, ha vårt håp i Guds omsorg og plan for liva våre, ikkje det pengane og velferda kan gje oss. Kjelda for livet og trua er og blir Gud. Difor kan vi leve raust.

8. sept. Opne hender – mot fellesskapet

Tekst: Apg 2,32-37

Ein av dei slåande tinga med dei første kristne, og noko av svaret på korleis evangeliet spreidde seg så raskt, var deira fellesskapsliv. Dette var ikkje berre enkeltmenneske som delvis hadde samanfallande interesser og difor danna ein koseklubb eller møttes til ein slags hobby. Slik dei kjende Gud gjennom Jesus var det naturlegaste i verden å gå «all in». Heile meg, alt eg er og alt eg har. Dei selde ting, gav heile seg til fellesskapet av dei som hadde møtt og trudde på Jesus. Dette gjorde menigheten til eit mektig middel for å gjere godt i samfunnet. Gjennom menighetens raushet og vitnesbyrdet om Jesus kom stadig nye til tru. Poenget for oss er kanskje ikkje selje alt vi eig, men å sjå og forstå at vår vilje og evne til å helle våre ressursar inn i det fellesskapet vi kallar vårt, gjev fart og kraft til oppdraget vårt og tyngde til truverdet som vitnar om han som elska verda og gav seg sjølv for oss. Difor gjev vi.

22. sept. Opne hender – men mot kven?

Tekst: Luk 6,31-38

Guds godleik og raushet er radikal. Den rettar seg ikkje berre mot dei flinke og greie, dei som verkeleg trur sterkt og oppriktig eller dei som har fortent eller kan yte tilbake. Gud har delt sin livsande med alle og gjeve Jesus Kristus som ei soning for alle våre synder. Han er grenselaust raus.

Men det må då vere grenser, må det ikkje – for vår raushet? Kor langt bør og kan vi strekke oss? Kor tid har vi delt nok? Og ikkje raus mot alle, vel?

Kristen raushet vil alltid sikte mot det radikale, og nettopp difor kan den bli anklaga for å vere anten naiv, eller overveldande, eller begge delar. Men gjevargleda stig ut av relasjonen til Gud, og har eigentleg ikkje tanke på om mottakar fortentar det eller kan betale tilbake. Dette er veldig annleis! Her er ikkje kalkulerte transaksjonar av ytelsar og motytelsar. Ekte raushet er blind for om eg likar eller ikkje likar mottakarane.

Skal vi då vente ingenting tilbake? Jo, det skal vi få lov til. Gud har allereie gjeve oss alt, og ein dag skal vi, ansikt til ansikt med Jesus, få i bøtter og spann. Og her og no skal vi få glede over å sjå korleis di og mi gjevarglede kan endre hjarter, menneske og situasjonar.

06. sept. Opne hender – tilbake til Gud.

Tekst: Mark 12,13-17 & 41-43

Kva vi brukar pengar på er alltid eit bilete på kva vi verdset og anerkjenner. På alle måtar fungerer forbruket vårt som ein spegel på våre verdiar, haldningar og prioriteringar. Dei to episodane frå dagens bibeltekst, sjølv om dei er ulike, viser akkurat det veldig tydelig. Ein av dei mest grunnleggande reaksjonane på eit møte med Gud og ein varig relasjon til Jesus, er ønskje og lyst om å gje tilbake. Ikkje som betaling, men meir som ei positiv takknemlighetsgjeld. Så korleis skal vi prioritere mengde og storleik på gjevartenesta vår?

Gud er først og fremst ute etter hjarta våre, ikkje pengane våre. Han vil ha heile deg. Og han har gjeve heile seg så du skulle skjøne at det er trygt å gje han heile deg. Han vil ta imot deg og sørge for deg. Vår livsstil som økonomiske aktørar, inkludert vår gjevarteneste, er såleis ein spegel, eit bilete på mi og di grunnhaldning til Gud. Og Hans grunnhaldning til oss. For ingenting har vi fått alt, og av vårt eige gjev vi tilbake – til Gud.